

KAPITTEL 7

Ordmusikken. Ivar Mortensson-Egnund som bibelomsetjar

Anders Aschim

Professor, Institutt for samfunnsfag, religion og filosofi, Høgskolen i Innlandet

Abstract: As a journalist, poet, playwright and Bible translator, the Norwegian theologian Ivar Mortensson-Egnund (1857–1934) was an important figure in the Norwegian *nynorsk* language movement. Mortensson translated about a third of the Old Testament from Hebrew into *nynorsk*, but most of this work remained unpublished and is probably lost. The article documents the extent of his Bible translations and discusses his translation practice. Mortensson is seen as a proponent of a romantic hermeneutics in the tradition of Schleiermacher. Translations of Bible passages are also important elements in his literary works, both in an early “anarchist” period and in a later “mystical” period.

Keywords: Ivar Mortensson-Egnund, *nynorsk*, Bible translation

Hebraisk tek eg no til aa finna einaste maalet som
er full naturmusik i, det skulde du læra deg paa
dine gamle dagar.

(Ivar Mortensson til Arne Garborg, 31.12.1909)

Østerdølen, teologen, avismannen, anarkisten, antroposofen, presten og diktaren Ivar Mortensson (1857–1934), eller Mortensson-Egnund, som han kalla seg frå 1918, har fått «ein slags hovudrolle som biperson» i *nynorsk litteraturhistorie* (Sørbo, 2018, s. 54). Hans eigne skjønnlitterære arbeid er lite lesne i dag, men han har eit namn som redaktør for den legendariske landsmålsavisa *Fedraheimen*, som nær ven og forbundsfelte av Arne

Sitering: Aschim, A. (2022). Ordmusikken. Ivar Mortensson-Egnund som bibelomsetjar. I A. Aschim, B. Aset, H. Elstad & B. Løvlie (Red.), *Tru, språk, historie. Heiderskrift til Per Halse* (Kap. 7, s. 157–183). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.165.ch7>

Lisens: CC BY-NC-ND 4.0

Garborg, som viktig inspirator for Olav Aukrust og som omsetjar av norrøne *Edda-kvæde*. Mindre kjent er arbeidet hans med bibelomsetjing til nynorsk. Gjennom åra omsette Mortensson om lag ein tredel av Det gamle testamentet frå hebraisk, dei siste åra med offentleg stønad over statsbudsjettet. Ein god, men tragisk grunn til den manglande kjennskapen er at dei fleste av desse omsetjingane aldri er publiserte. Truleg er det meste av materialet tapt.

Om Mortenssons arbeid med Bibelen seier Jarle Bondevik (2003, s. 66) at «omsetjingane hans samla seg i to bolkar», den første på 1880-talet og den andre og mest omfattande i dei siste femten leveåra hans. Per Halse (2021) skriv at «han la så stor vekt på å gi att poesien i tekstane at det stundom låg nærmare gjendikting enn direkte omsetjing».

I denne artikkelen vil eg presentere bibelomsetjingane til Mortensson, gi døme på omsetjarpraksisen hans og drøfte den i lys av teoriar om omsetjing. Mortensson har sjølv ved fleire høve gitt uttrykk for ein slags omsetjingsteori, eller kanskje vi heller skulle seie poetikk, særleg ved inngangen til den andre og lengste fasen i omsetningsarbeidet sitt. Desse utsegne gjer det nærliggjande å lese omsetjingane hans i lys av ein hermeneutikk, ei fortolkingslære, farga av romantikken. Ein kan også drøfte arbeidet hans i eit lingvistisk perspektiv, noko eg vil gjere med utgangspunkt i omgrepet 'ekvivalens', slik dette er utvikla hos omsetjingsteoretkaren Werner Koller (2011).

Tilnærminga mi vil vere kronologisk. Som bakgrunn teiknar eg først eit kort riss av den nynorske bibelhistoria som Mortensson skreiv seg inn i.

Nynorsk bibelhistorie

Jarle Bondevik (2003) og Per Halse (2009; 2011) har gitt grundige bidrag til historia om bibelomsetjing til landsmål/nynorsk. Bondevik har identifisert fire ulike, men overlappande motivasjonar for dette omsetjingsarbeidet og kategorisert dei som pedagogiske, kristelege, demokratiske og nasjonale tildriv (2003, s. 50–52).

Alt frå 1860-talet gjorde ulike aktørar forsøk på omsetjing av bibelske tekstar til ei talemålsnær skriftspråksform, inkludert to heile evangelium. Markus (Georg Grieg, 1870) var gjengitt i Ivar Aasens landsmålsform,

Johannes (Werner Werenskjold, 1871) i telemål. På initiativ frå Det norske samlaget løyvde Stortinget frå og med 1881 middel til prøveomsetjing av Det nye testamentet på landsmål, eit prosjekt som blei fullført i løpet av 1880-åra med Elias Blix, Ivar Aasen, Johannes Belsheim og Matias Skard som omsetjarar. Dette første landsmåltestamentet (1889) blei sett på som eit viktig bidrag til språkleg jamstilling også på det religiøse feltet. Omsetjinga var likevel noko bunden til ein høgtideleg bibelstil, for å unngå radikale brot med den kjende dansk-tyske bibeltradisjonen, og til ein nynorsk ortografi med trekk som raskt blei oppfatta som antikverte. Nytestamentet blei revidert og formverket noko forenkla alt i 1899 (ved Blix) og i 1908 (ved Peter Hognestad).

I mellomtida var òg omsetjingsarbeidet med Det gamle testamentet kome i gang. Elias Blix begynte med Salmane, men døydde frå arbeidet ein tredel ut i boka. Peter Hognestad fullførte omsetjinga av Salmane (1904) og heldt fram med dei gammaltestamentlege visdomsskriftene, men fekk store oppgåver som lærar ved Menighetsfakultetet (1908) og biskop i Bergen (1916). Alexander Seippel, som var professor i semittiske språk ved universitetet, arbeidde seg gjennom dei fem Mosebøkene, Josva og Domarane og tok til med ei nyomsetjing av evangelia i nytestamentet.

Dette var omsetjarar med høg kompetanse i både kjeldespråk og målspråk, men arbeidet gjekk ikkje fort. I 1916 etablerte Studentmållaget i Oslo ei bibelnemnd for å få til ei førebels utgåve av heile Bibelen på landsmål. I påvente av ei fullverdig omsetjing frå kjeldespråka ville ein fordele dei bøkene som enno ikkje var omsette, på ei gruppe dyktige landsmålsskribentar. Som grunnlag ville ein nytte nyare gode omsetjingar til andre nordiske språk. Resultatet av denne dugnaden var den såkalla *Fyrebilbibelen* (Aschim & Halse, 2021). Denne første fullstendige bibelutgåva på nynorsk kom ut i 1921, og her var Ivar Mortensson mellom medarbeidarane. Men dette var ikkje første gong han leverte omsetjingar av bibelske tekstar.

Bibelomsetjing i Fedraheim-tida

Ivar Mortensson blei tidleg knytt til Arne Garborgs avisprosjekt *Fedraheimen*, og frå 1883 til 1889 var han òg redaktør for bladet. Gjennom

åra trykte avisa ein god del omsetjingar av stykke frå Bibelen, alle anonymt. Mange av dei har meir eller mindre sikkert vore tilskrive Ivar Mortensson.

Eit Stykkje av Kolosserbrevet

«Prøve paa ei Umsetning» står det i parentes under denne overskrifta i *Fedraheimen* for 20. mai 1882. Det er rimeleg sikkert at den 24-årige stud. theol. Ivar Mortensson er omsetjaren. I årsmeldinga til Samlaget for 1881 heiter det nemleg om det nyleg oppstarta arbeidet med Det nye testamentet: «Likeeins hev Styret bedet Prest Johs. Belsheim gjera ein Freistnad med Umskrift av Lukas-evangeliet og Cand. Ivar Mortenson med Kolossæbrevet». Denne versjonen av Kolossarbrevet 3,1–4,1 er det første kjende dømet på bibelomsetjing frå Mortenssons hand.¹

Gjennom heile 1880-talet blei det arbeidd med omsetjinga av Det nye testamentet til landsmål i regi av Samlaget, og eit brevkonsept i arkivet til Kyrkjedepartementet tyder på at Ivar Mortensson og ein annan teologisk kandidat var påtenkte som forsterkingar av omsetjargruppa. Av ukjende grunnar blei ikkje dette noko av, og det blei Belsheim og ikkje Mortensson som gjorde den omsetjinga av Kolossarbrevet som kom med i det første landsmåltestamentet (Halse, 2009, s. 261–262; 2011, s. 156–157).

Det er lite som tyder på at Belsheim har nytta Mortenssons arbeid i særleg grad. Eit leksikalsk val som «Ovhug» for det greske ordet *pathos* (3,5) kunne tolkast slik, men dette er usikkert. Belsheim gjer fleire stader markert andre val enn Mortensson, både tekstkritisk (3,15: «Kristi Fred», i samsvar med dei eldste greske handskriftene; Mortensson har «Guds Fred», med det store fleirtalet yngre manuskript, som låg til grunn for tidlegare bibelomsetjingar) og eksegetisk (3,25: «den, som gjerer Urett»; Mortensson har «den, som lid Urett», ei omsetjing som neppe kan forsvarast).

¹ Årsmeldinga er publisert i *Fedraheimen* 22.04.1882. Ytterlegare dokumentasjon hos Halse, 2009, s. 222.

Tekstar frå Det gamle testamentet

I 1885-årgangen publiserte *Fedraheimen* nokre stykke frå Det gamle testamentet. I april kom kapitla 17–19 i Første Kongebok som føljetong over tre nummer (08.04., 11.04. og 15.04.). Om hausten stod kapittel 38 av Jobs bok på trykk (17.10.). I begge tilfelle er omsetjaren anonym. Per Halse nemner at Ivar Mortensson var redaktør for avisas desse åra, men lar spørsmålet om det var han som var omsetjar, stå ope (Halse, 2009, s. 241–242; 2011, s. 173–174). Jarle Bondevik set «kanskje Ivar Mortensson» ved Job-omsetjinga, men tar ikkje stilling når det gjeld kongebok-omsetjinga (Bondevik, 2003, s. 124). Derimot er opphavet sikkert når det gjeld dei versa frå Salomos ordtak som står under tittelen «Fródevers» i leseboka Ivar Mortensson gav ut saman med Arne Garborg (1885, s. 175). Denne omsetjinga tok nemleg Mortensson med i den litterære debutsamlinga si, *Paa ymse Gjerdom* (1889, s. 81–83), med noko endra ortografi.

Hustavler

I løpet av dei første månadane i 1889 publiserte *Fedraheimen* i alt seks stykke som alle bar overskrifta «Hustavle».² Her er det definitivt redaktør Mortensson som er opphavsmann, han har nemleg teke med det meste av desse stykka, til dels i noko redigerte utgåver, i *Paa ymse gjerdom* som kom ut same året; nokre blei òg resirkulerte i *Or duldo* frå 1895.

Dei tre første «tavlene» til Mortensson er samansette av einskildvers og avsnitt frå ulike stader i Jesajaboka. Her ligg det nær å tenkje på ein annan tradisjonell sjanger: Florilegiet. Det latinske ordet *florilegium* tyder «blomesamling»; det tilsvarande greske ordet er *anthologia*. I mellomalderen var eit florilegium ei tematisk samling sitat, gjerne frå kyrkjefedrane. Mortensson nyttar ein liknande teknikk: Frå ei og same bok vel han ut skriftstader med nærskyld tema og fører dei saman til ein ny heilskap, utan noka form for kommentar. Den fjerde hustavla gjer det same med ulike stykke frå Jobs bok, den femte med Forkynnaren, eller «Salomos Prediker», som Mortensson kallar boka, den sjette med «Ordtøka hans Salamon».

Desse tekstane frå Mortenssons tidlege omsetjarfase er interessante som vitnemål både om omsetjarpraksis og om tilhøve til og bruk av

² *Fedraheimen* 1889, 15., 22. og 29. januar, 5. februar, 22. mars og 13. april.

Bibelen generelt. Med nemninga «hustavle» knyter Mortensson an til katekismetradisjonen. I slutten av Luthers *Vesle katekisme* står det eit tillegg nettopp med tittelen «Hustavle». Her blir sitat av formaningstekstar frå breva i Det nye testamentet adresserte til menneske i ulike roller, prestar, øvrigheit, foreldre, barn. Desse formaningane sette eit sterkt preg på folkeleg truspraksis i dei luthersk dominerte landa, slik Hilding Pleijel (1970) har demonstrert for Sverige.

Avisa *Fedraheimen* og redaktør Mortensson var på denne tida sterke talerøyr for politisk anarkisme. Mortenssons biograf Klaus Langen påpeikar at anarkismen hos Mortensson har ei tydeleg religiøs forankring, ikkje minst nettopp i den gammaltestamentlege profetlitteraturen (1951, s. 142). Som døme på Mortenssons bibelbruk og -omsetjing ser vi på eit utdrag av den første av «hustavlene», ein mosaikk av tekstar frå Jesajaboka.

Frå Hustavle [1]. Fedraheimen 15.01.1889 Bibel 2011	
Høgtia Dykkar den hatar eg, og dei lange Bønene trøytta meg; eg løynar mine Augo naar De rettar fram dei blosprengde Hender.	1,14 Eg hatar nymånedagane og høgtidene dykker. Dei er ei bør eg er trøytt av å bera. 15 Når de lyfter hendene, lèt eg att auga for dykk. Same kor mykle de bed, høyrer eg ikkje. Hendene dykker er fulle av blod.
Sylve ditt er Slagg, Vine ditt er Vatten, fullgoe Tjuvar er dei, som deg fører. Dei farlause svik du og narrar Enkjer, for Pengar gjer du alt. Mi trugne Møy he vorte ei Hore, Rettferdsheimen er full av Mord.	21 Å, at den trufaste byen skulle bli ei hore! Han var full av rett, rettferd budde der, men no – mordarar! 22 Sølvet ditt har vorte til slagg, vinen din blanda med vatn. 23 Stormennene dine er opprørarar, dei held lag med tjuvar. Alle elskar stikkpengar og jägar etter gåver. Dei forsvarar ikkje den farlause og fører ikkje enkjers sak.
Og difor seier den veldige Gud: eg skal Valdsmannen hemne; eg vil smelte upp att Slaggen. (1,14–15, 21–25)	24 Difor seier Herren, allhærs Herre, Israels Mektige: Ve, eg vil ta igjen med motstandarane mine og hemna meg på fiendane! 25 Eg vil lyfta handa mot deg, reinsa ut slagget ditt med lut og skilja ut alt bly.
Herren er vaar Domar, han gjev oss Lovar. Herren er vaar Konge, han skal oss frelse. (33,22)	33,22 For Herren er vår dommar, Herren er vår lovgjevar, Herren er vår konge, han skal frelsa oss.

Ei samanlikning med ei meir tradisjonell bibelomsetjing (her Bibelselskapet si nyaste omsetjing) viser at Mortensson tar seg ein god del fridomar på mikronivå, ikkje berre ved å klippe ut einskilde vers, men òg ved forkortingar og omplasseringar av tekstelement. Samanlikna med Aasens landsmål merkar vi oss trekk som e-infinitiv og utelating av stumme konsonantar. Ortografien er typisk for *Fedraheimen*, inspirert av Olaus Fjørtoft sitt talemålsnære ideal og i mangt ein forløpar for den seinare «midlandsnormalen».

Ulikt Luther oppgir ikkje Mortensson nokon adressat for hustavlene sine, men det samfunns- og religionskritiske potensialet i profetteksten utnyttar han til fulle. Når Mortensson utelèt referansen til den gammalisaelittiske feiringa av «nymånedagane» (1,14), kan «Høgtia» og «Bønene» få ei aktuell adresse til gudstenester og religiøs praksis i samtid. Også andre tekstval i denne første «hustavla» står opp om ei slik tolking, til dømes dei kritiske utsegnene om faste frå Jes 58,4–7. Utan at det eksplisitt blir sagt, er det rimeleg å tolke Mortenssons tekstuval som eit klagemål om manglande samsvar mellom liv og lære i samtid, og som eit religiøst grunngitt åatak på ulike former for urett i samfunnet.

Ein bibelsk poetikk

I omtalen av *Paa ymse gjerdøm*, det første samla litterære arbeidet til Mortensson, viser Klaus Langen (1951, s. 305; jf. 1957, s. 110) korleis Det gamle testamentet ikkje berre var ei religiøs og politisk, men òg ei litterær inspirasjonskjelde for han:

Her i det gamle testamente finn han ei poetisk form som er heilt ulik den europeiske. Med sine tankerim og sin patos er det ei form som høver profetar. I den nye gjerda i den fyrste diktsamlinga til Savalguten skimtar vi alt Egnundgubben, profeten og mystikaren.

Dei to oppnamna «Savalguten» og «Egnundgubben» knyter Langen til ulike fasar i Ivar Mortenssons liv, den unge (og ikkje lenger heilt unge) frikaren og anarkisten, og den eldre religiøse mystikaren. Langen

argumenterer godt for kontinuitet snarare enn brot i livssynet og den politiske og litterære verksemda til Mortensson.

Ivar Mortensson var teologisk kandidat, men først i 1909 gjennomførte han den praktisk-teologiske utdanninga og blei ordinert til prest i Den norske kyrkja. I tillegg til eigne litterære arbeid, både skjønnlitteratur og sakprosa, hadde han fullført omsetjinga av *Edda-kvæde*, utgitt i to band i 1905 og 1908. Det er no han for alvor tar opp arbeidet med Det gamle testamentet og etter kvart tar til med bibelomsetjing meir systematisk. I preikesamlinga *Sundagstankar* (1915, s. 95) har han ei generell utsegn om bibelomsetjing som òg viser at han har kontakt med samtidig bibelvitskap:

Og bibelen skulde setjast um paa folkemaali, men med kvar yversetjing kjem det, anten ein vil eller ikkje, ei uttyding, eit menneskeleg tillegg. Likevel maa ein gjeva tidi vaar den æra, at aldri hev det vore arbeidt so med aa faa Gudsordet reint og klaart baade i grunntekst og yversetjing som no.

I 1916 blei Ivar Mortensson av «Bibelnemndi aat Studentmaallaget i Oslo» invitert med i det tjue mann sterke laget som skulle omsetje det som mangla av Det gamle testamentet for Fyrebilsbibelen, og etter eige ønske tildelt dei to profetbøkene Joel og Haggai. Året etter retta han ein temmeleg skarp kritikk mot det prosjektet han sjølv var ein del av, i ei artikkelrekke i avisas *Den 17de Mai* like før jul i 1917: «For det er ikkje heile bibelen som vert umsett som han vera skal» (18.12.1917), nemleg frå grunnspråka og med høgast mogleg filologisk og litterær kvalitet, slik Alexander Seippel hadde gitt gode døme på. Det er i desse artiklane Mortensson gir den tydelegaste framstillinga av sine eigne omsetjingsideal, knytt til omsetjingane sine av Joel og Haggai:

[...] ein maa liksom gjera seg kjend med profeten sjølv, som um det var ein personleg ven som kvar dag sat her ved sida mi og eg ser honom inn i auga og hører han sjølv tala og merkar musikken, ordmelodien i kvar vending og vek. [...]

Ordmusikken kan med det same tankestoffet skapa anten ei linn susing i gras og blomar eller storm so det skjelv i sedrane paa Libanon.

Ordmusikken som fører ordet langt innum tankegrindi og heilt til hjarta baade paa høg og laag. [...]

Kvar mor hev sin eigen tone. Kvar diktar og profet likeeins. Det er denne personlege rytmens og tonen det er slik hugnad aa faa høyra og slik hugnad aa freista syngja ut paa norsk maal. (19.12.1917)

Dette er eit tydeleg romantisk omsetjingsideal. Det er om å gjere å gi att den «personlege rytmens og tonen» til den geniale opphavsmannen, i dette tilfelle profeten, og metoden er innleving. Den tyske teologen og filosofen Friedrich Schleiermacher (1768–1834) er mellom anna kjent for ein hermeneutikk, altså ei lære om fortolking, som i tillegg til filologisk arbeid legg stor vekt på psykologisk forståing (jf. Gadamer, 2010 [1960], s. 216–230; Stuhlmacher, 1986, s. 145–148). I theologiske framstillingar av diskusjonen om Bibelens særstilling blir han ofte nemnt som talsmann for ein tanke om «personalinspirasjon» i motsetnad til «verbalinspirasjon». Bibelen er altså ikkje å forstå som ordrett diktert av Den heilage ande, men dei bibelske forfattarane (for Schleiermacher avgrensa til apostlane) hadde fått ei særleg innsikt som dei formidla med sitt personlege temperament (jf. Sannes, 2008, s. 100–101). Schleiermacher er dessutan ofte sitert i omsetjingsteoretisk litteratur med utsegna:

Etter mi meinung finst det berre to vegar: Enten må omsetjaren la forfattaren vere i fred så langt som råd og føre lesaren i retning av forfattaren – eller la lesaren vere i fred så langt som råd og føre forfattaren i retning av lesaren.
(Schleiermacher, 1963 [1813], s. 62, mi omsetjing)

Dette er eit program for omsetjing som er meir «framandgjerande» enn «heimleggjерande» (jf. Gilje, 2019, s. 105–110; Munday, 2016, s. 47–49; Qvale, 1998, s. 26;). Det kan diskuterast i kva grad denne motsetnaden er så absolutt som Schleiermacher føreset her, men Mortenssons hovudstrategi ligg nær den framandgjerande polen: Det gjeld å leve seg mest mogleg inn i opphavsmannens situasjon og uttrykk.

Særleg vekt legg Mortensson på å få fram dei musikalske kvalitetane i kjeldeteksten, slike element som rytm og klang. Bibelomsetjingane hans er gjerne utstyrte med notar av typen «Metrisk umsetjing» (Mortensson, 1918) eller «Metrisk, rytmisk umsetning» (Mortensson, 1919). Her er

Mortensson i kontakt med ein aktuell diskusjon i samtidig bibelvitskap, om rytmen i hebraisk poesi. Det var ulike teoriar om hebraiske rytmemønster, og ulike syn på korleis og i kva grad ein skulle representere dei i omsetjing (Sievers, 1901; Næss, 1914; Mowinckel, 1957). Nokre prøvde å gjenskape i omsetjinga det ein meinte var det hebraiske rytmemønsteret. Fleire, mellom dei Alexander Seippel, valde å gi teksten ei poetisk form som var høveleg i målspråket.

Sjølv samanfattar Mortensson omsetjingsidealet sitt slik i eit intervju Hulda Garborg gjorde med han i 1920:

Det viktigaste er, at alt blir sagt paa vaart maal paa same maaten som forfatteren sjølv vilde ha sagt det. So at det ikkje er ordi ein les, men at ein gjenom ordi ser og hører mannen livslivande for seg. Ein skal ha tak i det personlege; berre ei slik umsetjing kann ein diktar godkjenne. (Garborg, 1920, s. 291)

I siste setning ligg vel òg eit krav om at omsetjaren sjølv må vere diktar for å oppnå ei slik form for kongenialitet med den andre diktaren (eller profeten) som står bak kjeldeteksten.

Heiltidsomsetjar

Etter artiklane i *Den 17. Mai* i desember 1917 skrev to markerte målfolk, presten Jakob Sletten og latinfilologen Asgaut Steinnes, avisinnlegg i *Den 17de Mai* (24. og 29.12.1917) med oppmoding om å gi Mortensson høve til å arbeide med bibelomsetjing på heiltid for å hjelpe Alexander Seippel med å få til ei fullstendig landsmålsomsetjing frå grunnspråka. Over nyttår i 1918 sende biskop Otto Jensen i Hamar saman med skoledirektør O. A. Eftestøl framlegg til Kyrkjedepartementet om å gje Mortensson permisjon med vikar for å drive bibelomsetjingsarbeid, vedlagt ei omsetjingsprøve (profeten Joel, som var under publisering i *Syn og Segn*) og attestar mellom anna frå den gammaltestamentlege autorитетen Sigmund Mowinckel. Mortensson, som var sokneprest i Løten, fekk nokre månader permisjon som sidan vart forlenga. I lengda var den ordninga utilfredsstillande både for bibelomsetjaren og for arbeidsgivaren. Mortensson fekk rådet å søkje

avskil med vartpengar og utsikter til løn for bibelomsetjingsarbeidet. Dette blei òg løysinga.³

I september 1918 sendte Mortensson ein plan for arbeidet til Kyrkjedepartementet. Den blei sendt til sakkunnig vurdering hos Bibelskapet. Dei sakkunnige, professorane Sigurd Odland og Alexander Seippel, hadde ingen innvendingar mot planen, men fann grunn til å tilføye:

Samtidig mener vi dog at burde fremholde at forsaavidt der skulde bli tale om at opta sogneprestens oversættelser ikke bare i den midlertidige bibeloversættelse paa landsmaal (fyrebils-bibelumsetjingi) men ogsaa i en fremtidig kirkelig landsmaalsbibel, bør hans arbeide etter vor mening undergis en av det norske bibelskap godkjendt bedømmelse.⁴

Departementet tok så kontakt med Samlaget, som òg var ansvarleg for oppfølginga av Seippels omsetjingar. Samlaget svara at det kunne ta på seg leiinga av arbeidet til Mortensson «paa det vilkoret, at docent dr. Mowinckel vil taka paa seg aa setja upp ein plan for arbeidet og sjaa igjenom umsetjingarne etter kvart som dei vert ferdige», noko Sigmund Mowinckel var positiv til. Og i mars 1920 sendte endeleg departementet brev til Samlaget der ordninga blei etablert og vilkåra fastsette.⁵

Fyrebilsbibelen

Ivar Mortenssons nye status som bibelomsetjar på heiltid skapte ein del hovudbry for både kyrkjedepartementet, bibelnemnda til Studentmållaget, Samlaget og etterfølgjarane til Otto Jensen på Hamar bispestol. Det er tydeleg at overgangen ikkje var heilt gjennomtenkt. I første omgang gjaldt det arbeidet med Fyrebilsbibelen, der mest alle omsetjingar var ferdige da heiltidsarbeidar Mortensson kom på banen vinteren 1919 og tilbaud seg å omsetje meir frå grunntekstane. Det enda med at han fekk levere omsetjingar av Høgsongen og Job, og av profetbøkene

³ Jensen og Eftestøl til Kyrkjedepartementet 18.01.1918. Dokumenta det er referert til i det følgjande, finst i Kyrkjedepartementets arkiv, RA/S-1021/E/Em/Lo820/0002.

⁴ Odland og Seippel til Bibelskapets Centralkomite, 14.11.1918.

⁵ Gjelsvik til Kyrkjedepartementet 27.09.1919; Mowinckel til Kyrkjedepartementet 17.11.1919; Kyrkjedepartementet til Samlaget 3.3.1920.

Hosea, Joel, Amos og Haggai. Omsetjingar av Høgsongen, Joel og delar av Amos blei førehandspubliserte i *Syn og Segn* (Mortensson, 1919, 1918, 1920). Job-omsetjinga blei ikkje ferdig i tide. For Hosea valde ein å nytte den omsetjinga som Torleif Homme alt hadde levert. Haggai-omsetjinga til Mortensson blei heller ikkje med i Fyrebilbibelen, enda dette var eit av dei skriftene han hadde vore tildelt heilt frå starten. Det er ikkje klart kvifor ein i staden publiserte ei omsetjing av Bernt Theodor Anker. Ei mogleg forklaring er at fleire av den flittige bidragsytaren Anker sine omsetjingar blei valde bort og erstatta med andre. Haggai-løysinga kan såleis vere eit plaster på såret for at Mortensson fekk den meir prestisjetunge Amos-boka, som Anker alt hadde levert ei omsetjing av. I den ferdig trykte Fyrebilbibelen er det altså berre bøkene Høgsongen, Joel og Amos som er omsette av Mortensson (Aschim & Halse, 2021, s. 84–89).

Høgsongen

Høgsongen var ei bok Mortensson hadde ein særleg forkjærleik for. Det er interessant at Mortensson og Sigmund Mowinckel publiserte kvar sine omsetjingar av boka same året, i 1919. Dei to hadde heilt ulike tolkingar av teksten. Mowinckel las boka som ei samling kjærleiksdikt, ei forståing han deler med det meste av moderne bibelvitskap. Mortensson forstod boka allegorisk, ein lesemåte som er utbreidd både i jødisk og kristen tradisjon, men i ein høgst særeigen versjon. I boka *Nyklar* (1922) gav han ei tolking av Høgsongen som ei innføring i «livs-steg» på vegen til okkult visdom, ein tematikk som blir stadig tydelegare hos den eldre Mortensson-Egnund, alias «Egnundgubben».

Vi skal sjå på eit avsnitt av Mortenssons omsetjing i den opphavlege versjonen frå 1919 (den redigerte versjonen i Fyrebilbibelen 1921 er noko endra) og samanlikne med Mowinckel og Bibel 2011.⁶

⁶ Sjå òg Bondevik, 2003, s. 67–68. Fleire tekstdøme frå Mortenssons omsetjingsarbeid er drøfta i Aschim & Halse, 2021, s. 159–166 (Hosea 1,2–5; Joel 3,1–5; Amos 5, 1–4) og 198–199 (Job 14,1–12). Omsetjingane av Hosea og Job er upubliserte.

Høgsongen 2,8-17

Mortensson, 1919	Mowinckel, 1919	Bibel 2011
	VÅREN ER KOMMEN	
	<i>Hun:</i>	[Ho:]
8. Høyr! Min ven! Over fjelli, sjaa han sprett, over haugane han renn.	Hør, der er min kjærest, se der han kommer i sprang over berg og i hopp over hei!	8 Høyr, det er kjærasten, der kjem han, springande over fjell, hoppande over haug.
9. Min ven ei gaselle er lik eller som ungan hjort uppi Bater-fjellom.		9 Kjærasten liknar ein gasell, ein ung hjort.
Sjaa der! No han stend attum vaar vegg. Gjenom ljoren han skodar, gjenom glyttom ser han inn.	Se der staar han alt bakom husveggen vår og ser gjennem vind- øjet, titter gjennem gitret.	Der står han bak muren vår. Han gløtter inn gjennom vindauga, kikkar inn gjennom gitteret.
10. Han tek til min ven aa tala til meg:		10 Kjærasten tek til orde og seier:
	<i>Han:</i>	<i>Han</i>
«Du, min hugnad, statt upp, Du, mi fagre, kom til meg!	Stå op med dig, kjæreste du, du vene, så kom med dig da!	Stå opp, mi kjære, mi vakre jente, og kom!
11. For sjaa, no er vinteren slutt, regnet har kvorve burt.	For vinteren nu er forbi, og regntiden svant og gikk bort	11 No er vinteren over, regnet er forbi, det er borte.
12. Du ser blomane sprett utpaav voll. D'er det bilet dei vintrei skjer. Og turtel-duva ho syng i vaart land.	På jord titter blomstene frem, og det låter av fjellduens kurr, Songtida er her, turteldua kan høyrast i landet.	12 Landet blir dekt av blomar.
13. Fike-treet skyt frukt, vintrei stend alt i blom med angande daam. Du, min hugnad, statt upp, du, mi fagre, kom.	og vårfiken modnes på tre, og det dufter fra ranker i blomst. Stå op med dig, kjæreste du, du min vene, så kom med dig da!	13 Frukta på fikentreet mognar, og blomen på vinstokken angar. Stå opp, mi kjære, mi vakre jente, og kom!
	PÅ VINGÅRDSVAKT	
	<i>Han:</i>	
14. Du, mi duve, i bergeskard, som ved fjell-veggen sit, latt [sic] ditt andlet meg sjaa, lat meg høyre ditt maal, for ditt maal er so ljuvt, og ditt andlet so vent.»	Du min due i bergskar, på berghyllen dulgt - la ditt ansikt mig se, la mig høre din røst, for din røst er så søt og ditt ansikt så vent!	14 Mi due i fjellkløfta, i livd under bratte berg, lat meg få sjå deg, lat meg få høyra røysta di! For røysta er mjuk og skapnaden vakker.

(Framhald)

(Framhald)

Mortensson, 1919	Mowinckel, 1919	Bibel 2011
15. «Fare av og revane slaa, dei revane smaa, som i hagom mun gaa, for hagane no dei tek til aa gro.»	Hennes veninder: Fang revene for oss, de revene små; for havene de øder - og vår have står i blomst!	Koret 15 Fang revane for oss, dei små revane som øydelegg vinmarkene. For vinmarkene våre står i blom.
16. Min ven er min, og eg er hans, han som beiter millom liljor. ---	Hun: Han er min, jeg er hans - han som beiter blandt liljer - til dagningen lufter og skyggene flyr.	Ho 16 Kjærasten er min, og eg er hans, han som gjeter mellom liljene.
17. «Skrid du, min ven, til dag-vinden blæs, og skuggane flyg, ei gaselle lik eller ungan hjort uppi Bater-fjellom.»	Vend om da, min kjærest, og vær lik en gasell eller også en unghjort på angende hei!	17 Heilt til dagen blæs skuggane bort, spring som gasellen, kjærasten min, som ein ung hjort over kløfter og fjell!

Innan lingvistisk orientert omsetjingsteori er *ekvivalens* mykje nytta som analytisk omgrep, innan bibelomsetjing særleg knytt til Eugene Nida (1964). Ordet skulle tyde noko slikt som «likeverd». I omsetjing gjeld det forholdet mellom kjeldespråk og målspråk. Ein tekst eller eit tekstelement i målspråket skal altså på eitt eller anna vis vere «likeverdig» med eit tilsvarande element i kjeldespråket (Aschim, 2013, s. 257–258).

Werner Koller har utarbeidd ei nyttig differensiering av omgrepet *ekvivalens* (2011, s. 218–270; jf. Munday, 2016, s. 74–77). Han opererer for det første med *denotativ* *ekvivalens*. Her er ein på det leksikalske nivået, det gjeld å finne adekvate målspråklege ord og uttrykk som semantisk svarer til dei kjeldespråklege. Desse tre omsetjingane av Høgsongen er alle svært lojale mot kjeldetekstens ord og uttrykk, sjølv om dei på nokre punkt gjer ulike val.

Nokre avvik mellom versjonane har tekstkritiske forklaringar. Mowinckel stryk innleiinga til vers 10 som «en prosaisk tilføielse» og både andre linje og «i vaart land» i vers 12 som «overskytende» (1919, s. 49). Utelatinga av gasellen og hjorten i vers 9 kommenterer han derimot ikkje, truleg er uttrykket oppfatta som ein dublett til vers 17. Tilføyninga «uppi Bater-fjellom» i vers 9 hos Mortensson kjem frå den greske Septuaginta-omsetjinga, som har eit overskot her samanlikna med den hebraiske

teksten vi kjenner. Dette er eit trekk som tyder på at Mortensson var oppdatert på tekstkritisk litteratur. Uttrykket kjem att i vers 17, der det òg står i den hebraiske teksten.

Andre skilnader skuldast ulik forståing av hebraiske ord og uttrykk. Det hebraiske uttrykket *'et-ha-zamîr* i vers 12 skal sannsynlegvis omsetjast «songtida», men alternativet «skjeringstida» er mogleg og passar òg i samanhengen. Verbet i vers 16 er faktisk tvitydig, det kan omsetjast både «beite» og «gjete», i tydinga «la beite». *Harê-bater* til slutt i vers 17 er ei omsetjarnøtt. *Har* tyder «fjell», det er greitt nok. Men det sjeldsynte siste ordet er vanskelegare. Mortensson les det som sernamn, til liks med mange eldre omsetjingar. Bibel 2011 hjelper seg med gamle omsetjingar til gress og omset «kløfter», det same gjer mange andre moderne omsetjingar, medan Mowinckel ser til ei syrisk og ei anna gammal gress omsetjing som har ei velluktande krydderplante her, ei løysing som òg den nyaste svenske omsetjinga har valt (Bibeln, 2000).

Ofte har omsetjaren eit val mellom fleire moglege målspråklege uttrykk. Det aktualiserer eit nytt nivå, det Koller omtalar som *konnotativ* ekvivalens. Mortenssons «ljoren» og «glyttom» i vers 10 skaper andre assosiasjonar enn «vindaugen» og «gitteret» i dei to andre omsetjingane. I vers 12 har Mortensson «voll», Mowinckel «jord» og Bibel 2011 «landet». Vi er inne på spørsmål om stil, og her skil omsetjingane lag. Mowinckel har prøvd å gi Høgsongen ein orientalsk, for ikkje å seie orientalistisk, farge, i tråd med tolkinga av teksten som ein kjærleiks- eller bryllaupsong (1919, s. 6–7). Mortensson har nok noko av dette preget, men òg trekk frå den norske folkevisetradisjonen (jf. Bondevik, 2003, s. 67).

Eit siste nivå hos Koller, nemleg *formal-estetisk ekvivalens*, er særleg relevant med tanke på Mortenssons omsetjingar. På ulike måtar viser alle desse versjonane fram dei formelle særdraga ved denne poetiske teksten. Felles har dei oppsettet i poetiske linjer, eldre bibelomsetjingar nyttar vanleg prosaoppsett i løpende tekst. Mowinckel og Mortensson legg i tillegg stor vekt på rytmien i den målspråklege versjonen. For Mortensson er dette tydelegvis ein del av realiseringa av programmet «ordmusikken», rytmene og klang er vesentlege musikalske kvalitetar. Han går til tider langt i å prøve å kopiere rytmemønsteret i den hebraiske kjeldeteksten. Vers 8 kan tene som illustrasjon. Øvst finst ein forenkla transkripsjon av den hebraiske teksten,

aksentane signaliserer den tradisjonelle uttalen. I midten kjem Mortenssons omsetjing og nedst ei ord for ord-omsetjing av den hebraiske teksten.

<i>qol dodí</i>	<i>hinné-zæ ba</i>	<i>medallég al-hæ-harím,</i>	<i>meqappéts al-hag-gevaót</i>
Høyr! Min ven!		Over fjelli, sjå han sprett,	over haugane han renn.
Høyr, min ven,	sjå der, han kjem	springande over fjella,	hoppande over haugane

Ein kostnad ved å leggje så stor vekt på rytmen er dei mange tilfella av inversjon, altså ordstilling som er motsett av normalprosa, slik vi ser i dei to siste setningane i vers 8. I vers 15 har poeten Mortensson slått seg laus med enderim. Enderim er ikkje eit vanleg poetisk verkemiddel i gammal-testamentleg hebraisk, men her endar faktisk fem ord på rad i den hebraiske teksten på stavinga *-im*. Kanskje har Mortensson prøvd å spegle dette spesielle klanglege trekket frå hebraisk.

Mortenssons omsetjing av Høgsongen er likevel langt frå ei fri gendikting. Generelt er han svært lojal når det gjeld å gi att det semantiske innhaldet i dei hebraiske uttrykka. Stundom kopierer han jamvel den hebraiske ordstillinga, som i innleiinga til vers 10:

(Hebraisk)	<i>ana</i>	<i>dodi</i>	<i>we-amar li</i>
(Mortensson)	Han tek til	min ven	aa tala til meg
(Ord for ord)	Han tar til orde	min ven	og han talar til meg

Det tapte testamentet

Frå og med budsjetterminen 1920–1921 blei løyvinga for bibelomsetjing til Samlaget på statsbudsjettet auka med kr 3000 årleg, øyremerket bibelomsetjingsarbeidet til Mortensson. Det Norske Samlaget tok ansvaret for oppfølginga, og Sigmund Mowinckel hadde teke på seg å vere konsulent eller «censor». Frå før hadde Alexander Seippel ei liknande ordning som bibelomsetjar, rett nok med ei høgare godtgjering og med Sigurd Odland som konsulent.

Det vidare arbeidet til Mortensson kan vi følgje gjennom dei trykte års meldingane til Samlaget i *Syn og Segn* og Mortenssons eigne meldingar til

Kyrkjedepartementet. Med tanke på Fyrebilsbibelen hadde han alt omsett Høgsongen, Joel, Amos, Hosea og Haggai, men dei to siste omsetjingane blei altså ikkje nytta. Omsetjinga hans av Jobs bok blei tidleg ferdig, men ikkje tidsnok til å kome med i Fyrebilsbibelen. Så heldt Mortensson fram med profeten Jeremia, vidare dei resterande «små profetane», deretter Jesaja 1–36 (Seippel og Hognestad hadde omsett resten), så Klagesongane og Esekiel, alt dette innan utgangen av 1926. Neste prosjekt var Daniels bok. Så gjekk han laus på Salmane, som han gjorde ferdig i 1929.

Når vi kjem til 1930-talet, tar omsetjingsarbeidet til Ivar Mortensson-Egnund ei interessant vending: Han går i gang med dei såkalla apokryfe eller deuterokanoniske skriftene til Det gamle testamentet. Dette er bøker som ikkje kom med i den hebraiske bibelen, men som finst i den greske og fleire andre gamle omsetjingar. Der er dei integrerte i Det gamle testamentet og plasserte saman med bøker av liknande sjanger. Det handlar om jødiske skrifter frå dei siste hundreåra før Kristi fødsel, dei fleste skrivne på gresk. For fleirtalet kristne i verda, dei som høyrer til katolske eller ortodokse kyrkjer, høyrer desse bøkene med i Det gamle testamentet. Dei fleste protestantiske bibelutgåver har dei ikkje med. I luthersk bibeltradisjon hadde det vore vanleg å inkludere dei i bibelutgåvene, men samla i ei eiga avdeling mellom Det gamle og Det nye testamentet. Men frå 1890-talet hadde Bibelselskapet gradvis gått over til å gi ut bibelutgåver utan apokryfane. Desse bøkene var omdiskuterte også i Den norske kyrkja (Holter, 1966, s. 373–384). Mortensson omsette dei to visdomsskriftene Salomos visdom og Jesu Siraks sons visdom i åra 1930–1932. Så gav han seg i kast med den hebraiske bibelen att, med visdomsboka Salomos ordtak. Men han døydde frå det arbeidet 16. februar 1934.

Dette er ein imponerande arbeidsinnsats, men soga om Mortenssons bibelarbeid har ein tragisk slutt: Ingenting av dette er utgitt, og ingen veit om eller kvar størstedelen av manuskripta finst. Siste spor er eit brev frå skrivaren i Samlaget, Sigmund Skard, til Kyrkjedepartementet, dagsett 28. februar 1934. Her heiter det:

Det var tanken at Mortenssons manuskript etter kvart skulde gjennomgåast av ein sakkunnig; professor dr. S. Mowinckel tok for fleire år sidan dette arbeidet på seg. Det synter seg likevel etter kvart at han fekk därlege stunder til gjensynet, og manuskripta hauga seg upp hjå han. Sistpå sa han heile arbeidet frå

seg; Samlaget gjorde då i staden avtale med dosent dr. Harris Birkeland at han skulle gå i gang med gjenomsynet (eventuelt med hjelp frå dr. theol. Nils Messel). Like etter denne avtala var gjord, døydde Ivar Mortensson Egnund.

Det norske Samlaget kjenner sjølv sagt skyldnad på seg til å syte for, at dei manuskripta Ivar Mortensson leivde etter seg, no vert gjenomarbeidde og gjorde i stand, slik at dei i tilfelle kunne utgjevast.⁷

Brevet er vidare ein søknad om å få disponere resten av løyvinga til Mortensson for dette budsjettåret til gjennomsynet, noko som blei innvilga. Sidan er det ikkje meir å høre om saka. Ikkje noko tyder på at Ragnvald Indrebø, som var ansvarleg for revisjonen av 1921-omsetjinga Bibelselskapet gav ut i 1938, kjende dei seinare omsetjingane til Ivar Mortensson-Egnund. Nynorsk bibeltradisjon har altså gått glipp av ein tredel av Det gamle testamentet i Mortenssons omsetjing. Og den første nynorske omsetjinga av dei apokryfe eller deuterokanoniske skriftene kom ut så seint som i 2018.

Heilt sporlaust er det likevel ikkje Ivar Mortensson-Egnunds etterlatne papir finst i arkivet til Anno museum / Musea i Nord-Østerdal på Tynset. Her ligg eit reinskrive manus til omsetjinga av Job, pluss to rundar med kommentarar frå Mowinckel. Dessutan finst det fullstendige kladdar til Jeremia og Daniel, i tillegg til utkasta som var leverte til Fyrebilsbibelen. Særleg interessant er eit reinskrive manus av eit sentralt kapittel i den greske Sirak-boka, eit fragment av den eldste nynorske omsetjinga av apokryfe eller deuterokanoniske skrifter.

Sirak 24, 1–7

Mortensson (manuskript)	Apokryfane (2018)
Visdoms pris	Til Visdomens pris
1 Vis-møyi syng ein song om seg sjølv, og heidrar seg sjølv i den store flokken.	1 Visdomen prisa seg sjølv, stolt talar ho midt i sitt folk.
2 I lyden til den høgste der tek ho ordet, og prisar seg sjølv framfor maktene hans.	2 I forsamlinga til Den høgste opnar ho munnen, stolt talar ho framfor hærskaren hans.
3 Eg or munnen til den høgste steig fram og sveipte meg um jordi som ei hime.	3 Eg gjekk ut frå munnen til Den høgste og dekte jorda som ei skodde.

⁷ Samlaget v/Sigmund Skard til Kyrkjedepartementet 28.2.1934, RA/S-1021/E/Em/Lo820/0002.

Mortensson (manuskrift)	Apokryfane (2018)
4 Eg i høgheimen slo upp mitt telt, og på skystolpen trona mi stod.	4 Eg reiste mitt telt i det høge, mi trone stod på ei skysøyle.
5 Eg åleine meg i himmelrømdi ringa og skreid gjenom havsens dyptar.	5 Rundt himmelranda har eg åleine krinsa, på botnen av botnlause djup vandra eg omkring.
6 I bylgjande hav og kvart land, i alle folk og rike eg rådvelde fekk.	6 Eg fekk makt over havbølgjene og over heile jorda, over kvart land og folkeslag.
7 All stad eg leita for å finne meg ein heim: «Kvar er den staden der eg kann kvile?»	7 Eg leita hos dei alle etter ein kvilestad, Kven eigde eit arveland der eg kunne finna nattely?

Ortografien i Mortenssons arbeid frå Fedraheim-tida låg nær det framlegget til rettskriving som Arne Garborg og Rasmus Flo la fram i 1901 og som har fått namnet «midlandsnormalen». I denne andre fasen av omsetjingsarbeidet hans har han, kanskje særleg på grunn av normeringa i Fyrebilsbibel-arbeidet, nærma seg det som blei hovudnorma i rettskrivingane frå 1901 og 1917, likevel med trekk som e-infinitiv i staden for a-infinitiv og ein del andre austnorske trekk.

Dette lange diktet er lagt i munnen på den personifiserte Visdomen, som både i den kanoniske Ordtaksboka og i Siraks bok er framstilt som eit kvinneleg vesen. Overskrifta «Til Visdomens pris» finst i greske manuskript. Medan både Mortensson-Egnund og den 2018-omsetjinga til Bibelskapet nyttar pronomenet «ho», går Mortensson-Egnund eit hakk lenger i å representere personifisinga: Der 2018-omsetjinga nøyer seg med stor forbokstav i «Visdomen», nyttar han nemninga «Visdomsmøy». Han er ikkje den første, Peter Hognestad hadde nytta same løysinga i omsetjinga av Ordtaka kapittel 8 i Fyrebilsbibelen.

Det okkulte testamentet

Også i dei litterære arbeida til Mortensson-Egnund finn ein omsetjningar av bibelske tekstar. Vi har tidlegare sett at han resirkulerte både «Fródevers» frå leseboka og fleire av «hustavlene» i *Fedraheimen* i debutsamlinga *Paa ymse Gjerdom* (1889). I tillegg gjendikta han der to tekstar som står sentralt i den seinare bibelbruken hans, Salme 1 og 23. Vi skal sjå på den siste.

Salme 23

Denne gjendiktinga stod først på trykk mellom dikta i *Paa ymse Gjerdom*. Seinare tok Mortensson inn den same versjonen i den underlege og visjonære prosaboka *Runir* (1908). Salme 23 er ein tekst som tallause menneske har funne trøyst og ro i. I Mortensson si tolking blir dette, som vi skal sjå, ein nøkkeltekst i leitinga etter ein høgare visdom.

Herren er Hjuringen min, / eg hev inga Nau.

Han kveikjer mi Sjæl / med Rettferds Brau.

Til Kjeldune stille / han syner meg Veg,

paa Engjene grøne / der svæver han meg.

Skal eg au ferdast / i Skome-Hei,

eg tarv ikkje endaa / koma av Lei,

for du stydjer attaat / med Staven sterke,

du hjelper meg gjenom / all Vaade og Verk.

Ditt Borde du dukar, / Fienden stukar / og kvier so ilt.

Du salvar mit Hovu / og skjenkjer i Vin,

meg steller og skipar / som Veslegut din.

Og alle mine Dagar / du hygger og hagar / so ljuvleg og lint

og vøler omking meg / med Godleiken din.

(*Paa ymse Gjerdom*, s. 106–107 = *Runir*, s. 49–50)

Denne versjonen er ei relativt fri gjendikting, med fast rytme og enderim. Vi finn att dei fleste elementa i kjeldeteksten, men òg nokre utvidingar, som «Vaade og Verk» og «Veslegut din». Vi er framleis i Fedraheim-ortografiien, til dømes med «Nau», «Brau» og «Borde».

Nyklar

I *Nyklar* (1922) har Mortensson-Egnund ei omsetjing av Salme 23 som held seg strengare til den hebraiske kjeldeteksten. Her kan vi samanlikne med den samtidige nynorske standardversjonen i Fyrebinsbibelen, omsett av Elias Blix og første gong utgitt i 1904.

Nyklar (1922), s. 43-44	Salmarne (1904)/Bibelen (1921)
Jahveh er min hjuring eg hev ingi naud på grøne-voll gjev han meg kvild til logne-å fører han meg.	Herren er min hyrding, det vantar meg ingen ting.
Han kveikjer mi sjel på rettstig meg set for skuld sitt namn. Lyt eg au gå i daudskuggedal, eg ottast 'kje illt.	2 Han fører meg til læger paa grøne engjar; han leider meg til vatn der eg finn kvila.
For du er attåt, di stytte og din stav meg fulla trygd skal gjeva.	3 Han kveikjer mi sjæl, han fører meg paa rettferds stigar for sitt namn skuld.
Du dukar bord for meg, det min fiend lyt sjå, du salvar med olje mitt hovud. Det renn over mitt staup. Berre godleik og miskunn meg fylgjer all min dag. Og eg skal bu i Håva hall til æva ho er all.	4 Endaa um eg gjeng i daudeskuggens dal, so ottast eg ikkje for noko vondt; for du er med meg, din kjøpp og din stav dei trøystar meg.
	5 Du dukar bord aat meg framfor augo paa mine fiendar, du salvar mitt hovud med olje; det fløder yver mitt staup.
	Berre lukka og miskunn skal fylgja meg alle mine livdagar, og eg skal bu i Herrens hus i ævelengd.

Interessant er for det første bruken av «Jahveh» som attgiving av det løyndomsfulle tetragrammet, gudsnamnet med dei fire bokstavane JHWH. Dette namnet blir i regelen ikkje uttala i jødisk lesetradisjon, men erstatta med andre ord. I bibelomsetjingar er det vanleg å representere det med «Herren» og i nokre tilfelle «Gud». Ordet «hyrding» fanst vel knapt i noko norsk talemål, ein tala enten om «gjetar» eller «hjuring», så her har Mortensson gjort eit godt stykke heimleggjerande arbeid. Fyrebilsbibelen har følgt det tradisjonelle prosaoppsettet, medan Mortensson set opp i poetiske linjer.

Nyklar inneheld òg nyomsetjingar av og referansar til ei rad andre bibeltekstar, men nyttar i tillegg eit stort og samansett materiale som mellom anna inkluderer Draumkvedet, religionshistorisk tilfang frå Egypt og Mesopotamia, jødisk og kristen bibeltolking frå mellomalderen og astrologiske spekulasjonar. Litterært er boka samansett. I rammeforteljinga leitar eg-personen etter nøklane til ei vidare verd enn den synlege. Den første delen av boka er nærest ein liten roman om Moses, opplært i egyptisk visdom, som gjennom openberringar når fram til ein høgare visdom

(s. 7–45). Så kjem ein del med kosmologiske, astrologiske og kronologiske spekulasjonar (s. 46–69). Deretter gir Mortensson-Egnund si særeigne fortolking av Salomos høgsong (s. 70–118). I siste del av boka kjem han fram til Det nye testamentet, igjen i ei nærast skjønnlitterær framstilling med Maria møy og Jesus som hovudaktørar (s. 119–139). Sentralt står leitinga etter «dei latente okkulte krefter i deg sjølv» (s. 115), som ein berre kan få tilgang til gjennom å gå gjennom dei sju livsstega på «mysterievegen». Dette utfaldar Mortensson-Egnund gjennom referansar til ulike antikke mysteriekultar, men først og fremst i ei allegorisk utlegging av Høgsongen (s. 113–118). Vegen går gjennom «daudskuggedalen» i salmen, den krev tolmod og inneber prøvingar, men under guddommeleg leiing.

Éi inspirasjonskjelde er ikkje nemnt i *Nyklar*, nemleg Rudolf Steiner. Ivar Mortensson-Egnund hadde vore inne på «mysterievegen» lenge før kontakten med det antroposofiske miljøet, men det er tydeleg at han her fann tankar han kjende seg att i og der han sjølv hadde eit bidrag å gi (Christensen, 2011; Ryen, 2007, s. 81–83). I den siste livsfasen løper interesene hans saman i ei spekulativ, men storfelt syntese der bibel, folkedikting, Edda og Draumkvedet alle peikar i same retning og blir lesne som uttrykk for ein gammal felles mystisk tradisjon (Langen, 1957, s. 184–202).

Visdomsvegen

Særleg interessant er handsaminga av Bibelen i eit arbeid Mortensson-Egnund gjorde i dei siste leveåra sine, men som aldri blei publisert. I dei etterlatne papira hans finst to manuskript til verket *Visdomsvegen: Al Alamot eller hebraiske Mysterie-songar um Visdomsvegen i Det gamle testamente* – «utvalde, umsette og skipa i samanheng av Ivar Mortensson-Egnund».⁸ Bortsett frå ei innleiande «Rettleiding» er heile innhaldet passasjarar frå Det gamle testamentet i Mortensson-Egnunds eigne omsetjingar, men klipte ut frå samanhengen i kjeldeteksten og monterte saman på ein ny og original måte. Vi kjenner att teknikken frå «hustavlene» i Fedraheimen, men no i mykje større skala. I poststrukturalistisk litteraturteori nyttar ein gjerne omgrepet «bricolage» om denne forma for resirkulering av fragment av eksisterande materiale, ein kunne òg

⁸ NOMA-AKT 0062/G/Ga/0047 og 0102.

samanlikne med fenomenet «sampling» i musikken. Men fenomenet er langt frå nytt, forløparar finst både i den rabbinske midrasj-litteraturen og, som nemnt, i mellomalderens *florilegia*.

Innleiinga presenterer opplegget for *Alamot*: Først møter vi «Vis-møyi» i Sirak kapittel 24, som vi tidlegare såg på. I resten av verket er det «Visdomslæraren», som har fått innsikt av Vismøya, som talar. Igjen handlar det om ein veg gjennom fleire stadium, men her er det ikkje sju, men fem «stader eller steg», svarande til dei fem «høge ordi i Johannesevangelie der Kristus sjølv er mysterielæraren»: «Eg er brødet», «eg er ljoset», «eg er døri», «eg er vegen», og «eg er vintreet». «Og det er desse fem ordi, eller fem store tankane som eg med dette arbeidet mitt hev freista å finne att i det gamle testamentet som ein samanhengade raud tråd, og då mest i Davids-Salmane, der eg finn gammal mysterielærdom innvoven i heile Israels salmebok», skriv Mortensson-Egnund, før han gir ordet til Visdomslæraren. Ambisjonen er ikkje mindre enn å rekonstruere eit opphavleg mysterieritual frå «den hebraiske visdomsskulen» (Langen, 1951, s. 465).

Prosjektet er kreativt, men spekulativt. Det interessante i denne samanhengen er at det er mogleg å rekonstruere delar av Mortensson-Egnunds tapte omsetjararbeid gjennom desse fragmenta. Som døme på bibelbruken og bibelomsetjinga til Mortensson-Egnund nyttar vi den første «songen» på steg nummer to, «Ljoset». Dette er ein mosaikk av sitat frå Salmane. Igjen kan vi samanlikne med omsetjinga i Fyrebilsbibelen, av Blix (Sal 27 og 36) og Hognestad (Sal 119 og 142).

<i>Al Alamot, manuskrift</i>	<i>Salmarne (1904)/Bibelen (1921)</i>
II. Ljoset I	
1. Lat augo mine upp so eg gâtune skynar i di lov,	Salme 119,18 Lat upp augo mine, at eg kann skoda underlege ting i di lov!
2. at ein gjest er <i>anoki*</i> på jord. Lat talen din ikkje for meg dyljast, di rettleiding løyne du kje for meg!	19 Ein gjest er eg paa jordi, løyn ikkje dine bodord for meg!
3. Lær meg vegen etter dine ord so grundar eg på gâtune dine	27 Lat meg faa skyna vegen etter dine fysesegner! So vil eg grunda paa dine under.
4. Snu lygnevegen frå meg og unn meg di lov!	29 Snu lygnevegen burt fraa meg, og unn meg di lov!
5. Når ordi dine opnar seg gjev dei <i>ljos</i> dei gjer den einfaldige vis.	130 Naar ordi dine opnar seg, gjev dei <i>ljos</i> , og dei gjer dei einfalde kloke.

(Framhald)

(Framhald)

Al Alamot, manuskript	Salmarne (1904)/Bibelen (1921)
6. Jahveh er mitt <i>ljos</i> og mi frelse, kven skulde eg vel ottast? Jahveh er verni for mitt liv kven skulde eg fæle?	Salme 27,1 Herren er mitt <i>ljos</i> og mi frelsa, kven skulde eg ottast for? Herren er verni for mitt liv, kven skulde eg ræddast for?
7. For han gøymer meg i sitt hus når det røynest på. Han løyner meg i <i>løynrom</i> i teltet sitt, han fører meg upp på eit berg.	5 For han gøymer meg i sitt hus paa den vonde dag, han løyner meg i løynrom i sitt tjeld; han fører meg upp paa eit berg.
8. Fullvisst eg trur eg skal sjå Jahves godleik i <i>livsens land</i> .	13 Aa, dersom eg ikkje trudde at eg skulde faa sjaa Herrens godhug i livsens land -!
9. Du er mi livd og i livsens landet min lut.	Salme 142,6b Du er mi livd, min lut i landet aat dei livande.
10. For hjå deg der er livsens kjelde, i <i>ljoset</i> frå deg ser me <i>ljos</i> .	Salme 36,10 For hjaa deg er livsens kjelda, i ditt <i>ljos</i> ser me <i>ljos</i> .

*anoki sjølven i meg

Omsetjingane til Mortensson-Egnund er filologisk ganske presise. Men følgjer vi Kollers differensierte ekvivalensomgrep frå det denotative til det konnotative nivået, trer den mystiske tolkinga tydeleg fram i eit omsetjarval som «gåtur» for det hebraiske *nifla'ôt* («under» i Fyrebilsbibelen), i transkripsjonen og tolkinga av det hebraiske emfatiske pronomenet *anokî* «eg», eller i framhevinga av metaforar som er sentrale i framstillinga av mysterievegen: «*ljos*», «*løynrom*», «*berg*», «*livsens land*».

Sluttord

Per Halses karakteristikk (2021) av Mortenssons omsetjingar som «stun-dom [...] nærmare gjendikting enn direkte omsetjing» kan nok vere gyl-dig for mykje av den første fasen, særleg «hustavlene» i Fedraheimen og gjendiktingane i *Paa ymse gjerdom* (1889). Men hovudinntrykket er eit anna. Omsetjingane til Mortensson, særleg i den lengste og siste arbeids-fasen, er prega av sterk lojalitet til kjeldeteksten. Det er rett at det poetiske elementet får ei særleg vekt. Med Kollers kategoriar er Mortensson opptatt av formal-estetisk ekvivalens, særleg av det musiske, av rytme og klang. Dette samsvarer med hans særlege versjon av det hermeneutiske idealet om innleving, om å lytte til personen bak teksten. Det er òg rett at han nyttar stilelement frå norsk og norrøn tradisjon, som folkeviser, i nokre av omsetjingane hans finst jamvel eit element av «Edda-sus» (Aschim &

Halse, 2021, s. 161). Slike konnotasjonar kan vere refleksar av synet hans på og leitinga etter ein felleskulturell gammal visdom i ulike historiske og religionshistoriske kjelder. Men i detaljane er han generelt filologisk nøyaktig, han juksar ikkje med denotativ ekvivalens, for no å bli hos Koller.

Om vi til slutt vender attende til Jarle Bondevik si kategorisering av ulike «tildriv» (2003, s. 50–53): Kva motiverte Ivar Mortensson-Egnund til å arbeide med bibelomsetjing til nynorsk? Det ligg utan tvil ei *nasjonal* motivering både bak bibelarbeidet og bak mange av dei andre interesse hans, for Edda, Draumkvedet og folketradisjonar. Det *pedagogiske* tildrivet er det vanskelegare å få auge på, det kjem i så fall i skuggen av det nasjonale. Men viktigare er det *demokratiske* motivet. Det er ikkje ein moderne nasjonalstat, men eit ideal om eit egalitært lokalsamfunn som ligg under den versjonen av anarkisme som Mortensson aldri forlét, og som òg er merkbar til dømes i utvalet og omsetjingane av bibeltekstar i «hustavlene» i *Fedraheimen*.

Først og fremst er det likevel ei *religiøs* motivering bak arbeidet til Mortensson-Egnund. Vel kan han i mangt oppfattast som uortodoks, men i botnen ligg ei djupt personleg bibelbasert og erfaringsbasert kristendomsform (Langen, 1957, s. 71–72; Ryen, 2007). I *Sundagstankar* kan han tale i mest lutherske vendingar om «Skrifta aleine»: «Allstødt hev det vore so og vil det verta so: Guds bod vert yvergrott med menneskjeleg tilsetning. Og difor hev kvar tid den uppgaava aa skilja ifraa slaggen og finna gullet» (Mortensson, 1915, s. 94, i preika «Guds bod og menneskje-lærdom»). Og han kan framheve sentrale katekismeavsnitt, som Fadervår og truvedkjjenninga, som «nykjelen til aa tyda heile samanhængen» (s. 95). Denne boka er rett nok skriven medan han var kyrkjelydsprest i teneste og kan såleis tenkjast å vere prega av eit «bunde mandat».

Men saman med dette folkelege og allment kristelege finst det òg eit elitært drag i Ivar Mortensson-Egnunds tenking og omsetjarpraksis. Han uttrykker og praktiserer ein romantisk hermeneutikk med vekt på innleving i og kongenialitet med det religiøse geniet som står bak teksten, profeten, vismannen, diktaren. Eigentleg går han òg sjølv inn desse rollene. I sine omsetjingar og særleg i sin *bricolage*-praksis tiltar han seg profetisk autoritet.

Kjelder og litteratur

Kjelder

Riksarkivet, Oslo (RA)

- PA-1504 Nynorsk salmebok
- S-1021 Kirke- og undervisningsdepartementet, 1. skolekontor D
 - S/1021/E/Em/Lo820 Det norske samlaget

Anno museum/Musea i Nord-Østerdalen (NOMA)

- NOMA-AKT oo62 Mortensson-Egnund, Ivar

Nasjonalbiblioteket i Oslo (NBO)

- Brevs. 140 Brev til og fra Arne Garborg

Den 17de Mai

Fedraheimen

Syn og Segn

Apokryfane (2018). *Apokryfane: Dei deuterokanoniske bøkene i Bibelen.*

Bibelskapet.

Bibelen (1921). *Bibelen eller Den heilage skrifti: Dei kanoniske bøkerne i Det gamle og Det nye testamentet.* Bibelnemndi aat Studentmaallaget.

Bibelen (2011). *Den heilage skrifta: Bibelen. Det gamle og Det nye testamentet.*

Bibelskapet.

Bibeln (2000). *Bibeln: Bibelkommissionens översättning.* Libris.

Biblia Hebraica Stuttgartensia (1977). Deutsche Bibelstiftung.

Garborg, A. & Mortensson-Egnund, I. (1885). *Lesebok i det norske folkemaal: For høgre skular.* Huseby.

H. G. [Garborg, H.] (1920). Den norske bibel-umsetjingi: Ei samrøde med Ivar Mortensson. *For Bygd og By*, 9(19), 289–293.

Mortensson, I. (1889). *Paa ymse gjerdom: Songane aat Savalguten.*

Mortensson, I. (1895). *Or duldo: Draumkvæe.* Bertrand Jensen.

Mortensson, I. (1908). *Runir.* Aschehoug.

Mortensson, I. (1915). *Sundagstankar.* Gunleikson.

Mortensson, I. (1918). Profeten Joel: Metrisk umsetjing fraa hebraisk. *Syn og Segn*, 24, 1–7.

Mortensson, I. (1919). Høgsongen av Salomo. *Syn og Segn*, 25, 68–77.

Mortensson, I. (1920). Stykke av profeten Amos. *Syn og Segn*, 26, 1–10.

Mortensson-Egnund, I. (1922). *Nyklar* 1. Norli.

Mowinckel, S. (1919). *Sangenes sang: Gammelhebraiske kjærighetssange.* Aschehoug.

Salmarne (1904). *Salmarne: Umsette fraa Hebraisk.* Bibelskapet.

Litteratur

- Aschim, A. (2013). *Bibelen 3.o: Bak Bibel 2011*. Verbum.
- Aschim, A. & Halse, P. (2021). «*Den fyrste bibelen paa norsk*: Historia om *Fyrebilsbibelen*». Novus.
- Bondevik, J. (2003). *Og ordet vart nynorsk: Soga åt den nynorske bibelen*. Norsk Bokredingslag.
- Christensen, T. (2011). Ivar Mortensson-Egnund. I O. Granly & T. Christensen (Red.), *Mot strømmen: Norske antroposofe i biografiske skisser* (s. 193–219). Antropos.
- Gadamer, H.-G. (2010 [1960]). *Sannhet og metode: Grunntrekk i en filosofisk hermeneutikk*. Pax.
- Gilje, N. (2019). *Hermeneutikk som metode: Ein historisk introduksjon*. Samlaget.
- Halse, P. (2009). *Gudsord og folkemål: Framveksten av nynorsk kyrkjespråk 1859–1908*. Unipub.
- Halse, P. (2011). *Gudsord og folkespråk: Då nynorsk vart kyrkjemål*. Tapir.
- Halse, P. (2021). Ivar Mortensson-Egnund. snl.no. https://snl.no/Ivar_Mortensson-Egnund.
- Holter, Å. (1966). *Det Norske Bibelselskap gjennom 150 år. I. 1816–1904*. Bibelselskapet.
- Munday, J. (2016). *Introducing translation studies: Theories and applications* (4th ed.). Routledge.
- Næss, L. (1914). Rytmen i den hebraiske bibel. *Norsk Teologisk Tidsskrift*, 15, 318–351.
- Koller, W. (2011). *Einführung in die Übersetzungswissenschaft* (8. Aufl.). Francke.
- Langen, K. (1951). *Ivar Mortensson-Egnund: Anarkist og mystikar* (Mag. art.-avhandling, litteraturvitenskap). Universitetet i Oslo, Oslo.
- Langen, K. (1957). *Ivar Mortensson Egnund*. Samlaget.
- Mowinckel, S. (1957). *Real and apparent tricola in Hebrew psalm poetry*. Det Norske Videnskaps-Akademie.
- Nida, E. (1964). *Toward a science of translating*. Brill.
- Qvale, P. (1998). *Fra Hieronymus til hypertext: Oversettelse i teori og praksis*. Aschehoug.
- Pleijel, H. (1970). *Hustavlans värld: Kyrkligt folkliv i äldre tiders Sverige*. Verbum.
- Ryen, J. O. (2007). Ivar Mortensson-Egnund og kristendomen. *Årbok for Nord-Østerdal*, 81–87.
- Sannes, K. O. (2008). *Troens kart – Guds landskap: Grunnlagsspørsmål i dogmatikken*. Luther.
- Schleiermacher, F. (1963 [1813]). Über die verschiedenen Methoden des Übersetzens. I H. J. Störig (Red.), *Das Problem des Übersetzens*, red. Hans Joachim Störig (1963, s. 38–70). Wissenschaftliche Buchgesellschaft.
- Sievers, E. (1901). *Metrische Studien. I. Studien zur hebräischen Metrik*. Teubner.
- Stuhlmann, P. (1986). *Vom Verstehen des Neuen Testaments: Eine Hermeneutik*. Vandenhoeck & Ruprecht.
- Sørbo, J. I. (2018). *Nynorsk litteraturhistorie*. Samlaget.

